


# Omlag 10.000 kystsel i Noreg

**Kystselbestanden i Noreg er liten. Til saman er det omlag 10.000 dyr likt fordelt på steinkobbe og havert. I store område langs kysten er det ikkje sel i det heile. Til samanlikning vert det rekna at bestanden langs kysten av Dei**



**britiske øyane er på det tidoble. Likevel kan det enkelte stader på norskekysten verta konflikt mellom fiske eller oppdrett og selkoloniane.**

Både steinkobbe og havert lever i koloniar deler av året. Ungane av begge artane vandrar mykje fyrste leveåret. Dei lever eit farleg liv og mange dør, mellom anna når dei går i garn eller annan fiskereiskap. Når dyra vert kjønnsmodne, trur forskarane at mange vender «heim» til fødestaden. Det er likevel uklart kva samband det er mellom forekomstane av sel langs kysten.

Steinkobben, i det minste dei vaksne dyra, synest å vera meir stadbunden enn haverten. Haverten kan ha lange vandringar og blanda seg med andre koloniar utanom forplantingssesongen.

Simuleringsstudiar viser at koloniar med stabile aldersstrukturar må vera på minst 50 individ for å vera levedyktige over lengre tid.

Til no er det gjort for lite med å registrera sel sør for Sogn og Fjordane. I Rogaland vart det gjort ein innsats i 1994 og ein reknar med ei stamme på nær 300 steinkobbar i fylket, omlag tre gonger så mange som tidlegare estimat. Aust om Lindesnes er det små og spreidde grupper. I Sogn og Fjordane er det to små stammer med omlag 25 dyr kvar stad i Nærøyfjorden og Lusterfjorden. I Nærøydalen har dei sett kobbe som et laks langt oppe i elva. Ulike kyststammer i fylket har minst 350 dyr. I Møre og Romsdal er det omlag 1200 dyr, Trøndelagsfylka har kring 700 til saman. I Nordland er det over 900 dyr, av dei er nær 700 i Vesterålen. Troms har omlag 500 dyr og Finnmark har 330 dyr, fordelt på 7-8 lokalitetar. Stamma i Finnmark veks sakte og breier seg austover langs kysten på Kola. I 1990 vart det for fyrste gong dokumentert at steinkobbe yngla ved Murmansk.

Havert er berre observert sør for Trøndelag utanom yngletida. I Møre og Romsdal er det omlag 10 dyr, i Sogn og Fjordane 50 og i Hordaland 15 dyr. På det meste har det vorte registrert omlag 80 individ i Rogaland. Dei fleste av desse dyra reknar vi med kjem frå Dei britiske øyane på næringsvandring. Det vert stadfesta av gjenfangstar av havert som er merka i Storbritannia. I Trøndelag er det over 1600 dyr, med det kjende Froan-området som viktig ynglestad. I Nordland er det 900 dyr, i Troms 140 og i Finnmark omlag 550. Bestanden i Finnmark må reknast saman med den russiske stamma på omlag 3500 dyr. Ein har funne at havert vandrar mykje mellom Russland og Nord-Noreg. Den lengste vandringa er på meir enn 1.000 kilometer i løpet av fem månader.

I mai 1996 vart det innført nye føresegnar for forvaltning av sel på norskekysten. Føremålet er å sikra livskraftige selstammer. Innafor den ramma kan selen haustast som ein fornybar ressurs, men også regulerast ut frå økologiske og samfunnsmessige omsyn.

I praksis fører dei nye føresegnene til at det no er regulert jakt langs heile norskekysten på dei to artane som vert rekna som kystsel, steinkobbe og havert. Før 1996 var det fri fangst av steinkobbe og havert nord for Stad i jakttida. Frå Stad til svenskegrensa var all sel freda.

Fiskerisjefen i kvart fylke gir jaktløyve for eit visst tal dyr ut frå ein totalkvote som vert fastsett av Fiskeridirektoratet.

Nord for Stad vart det restriksjonar i høve til tidlegare, medan det sør for Stad førte til at fiskarar og jegerar fekk von om at plagsame selstammer kan reduserast. Den nye jaktordninga vart innført i 1997 og alle som får fellingsløyve på kystsel skal rapportera inn fangsten. Vert ikkje meldeplikta fylgt opp, kan jegeren nektast fellingsløyve neste sesong. For å få ei fornuftig forvaltning av kystselstammen må ein vita kor mykje som vert felt kvart år.

I 1998 er det jakt i to periodar, 2. januar - 30. april og 1. august - 30. september. Til saman kan det fellast 604 dyr, fordelt på 242 steinkobbar, 267 havert og 75 ringsel. Løyva på ringsel er likt fordelt på dei tre nordlegaste fylka. Det vert gjeve fellingsløyve for steinkobbe i Østfold, Rogaland og i alle fylka frå og med Sogn og Fjordane og nordover. Møre og Romsdal med 60 løyve har flest. Fellingsløyva for havert er fordelt på større regionar: 7 dyr i Sogn og Fjordane, 130 i Trøndelagsfylka og Nordland og 130 i Troms og Finnmark.

På bakgrunn av fangststatistikk og teljing ved hjelp av flyfotografering av lokalitetane, vil ein prøva å tilpassa jakta til selbestanden i dei ulike områda langs kysten.

Steinkobben (*Phoca vitulina*) finst langs kystane av det nordlege Stillehavet og Atlanteren. I Europa er det steinkobbe frå Portugal til Murmansk, i tillegg er det nokre koloniar på Svalbard. Steinkobben lever i skjærgarden og i fjordane og kan gå opp i elvar. Ein vaksen steinkobbe veg omlag 100 kg, hannen er noko større enn ho. Levealderen kan koma opp i over 30 år, han vert kjønnsmoden fire år gammal. Paringstida er om hausten, og hoene samlar seg på dei same stadane og føder ein unge, som regel i juni.

Havert (*Halichoerus grypus*), eller gråsel som han også vert kalla, finst på begge sider av Nord-Atlanteren. Her i landet har vi havert i Rogaland og frå Trøndelag og nordover. Hos oss er denne arten knytt til ytre deler av kysten. Hannen er mykje større enn ho og kan verta nær 3 meter lang og vel 300 kilo. Haverten kan verta omlag 45 år. Hannen vert kjønnsmoden 6-7 år gammal, ho eit år tidlegare. Ei tid før ynglinga kjem både hoer og hannar til same staden, kasteområdet. Der oppheld dei seg til ungane er fødte og hoene vert para på nytt. Ein hann kan ha harem på 6-7 hoer, men ei hoe kan også la seg para av meir enn ein hann. Kvar hoe får ein unge. Ungane syg mora i 2-3 veker og aukar vekta frå 15 til bortimot 50 kg. Dette skjer i oktober - november, vêret kan vera dårleg og mange ungar stryk med dei fyrste kritiske vekene.

---

**Kontaktperson:** Seksjonsleiar Nils Øien, Havforskningsinstituttet, Senter for marine ressurser, Postboks 1870 Nordnes, 5024 Bergen. Tlf: +47 55238611, Faks: +47 55238617.  
E-post: [Nils.Oeien@imr.no](mailto:Nils.Oeien@imr.no).

---

**Havforskningsinstituttet informerer også på Internett: <http://www.imr.no>**